

Akseptskjema – tilskot til breibandutbygging 2020

Osterøy kommune takkar ja til tilsegn om tilskot på inntil kr 898 000, - og stadfestar at krava ved tilskotet vert følgt. Kommunen aksepterer vilkåra ved å signere dette akseptskjemaet.

Vestland fylkeskommune pliktar:

- Yte tilskot som skissert dersom prosjektet blir utført i tråd med vilkår for tilskotet, og inngått kontrakt
- Ta det overordna ansvaret for at prosjekt innan fylket blir gjennomført i tråd med ordninga.
- Fylkeskommunen har utarbeida konkurransegrunnlag og avtale etter samråd med kommunane. Fylkeskommunen hefter berre for eigne feil gjort i konkurransen dersom det ligg føre grov aktløyse. Fylkeskommunen vil hjelpe i evaluering, forhandlingar og avslutting av konkurransen, under her legge til rette for signering av avtalar.
- Sikre at statsstøtterettslege krav blir innarbeida i avtalen, og registrere samla tilskotssum frå stat, fylkeskommune og kommune i Registeret for offentleg støtte
- Sikre felles utlysingar av prosjekta. Sikre at alle prosjekt vert lyst ut innan 1 år etter at fylkeskommunen fekk tildelinga frå Nkom
- Når prosjekta er ferdig utbygd, skal fylkeskommunen sluttrapportere til Nkom i tråd med gitte krav. Sluttrapporten skal sendast så snart som råd etter prosjektslutt, og seinast innan 1. oktober 2021. Dersom prosjekta ikkje er ferdig innan den datoen, skal statusrapport med ferdigstillingsplan sendast Nkom.

Kommunen pliktar:

Kommunen er juridisk ansvarleg for konkurransen og avtaleforholdet.

Kommunen har bidratt med kommunespesifikk informasjon i konkurransedokumenta, og er ansvarleg for eventuelle feil og uklarheiter i denne.

	Stadfesting (Sett «X»)
Stadfeste at de tek i mot tilskotet og gjennomfører prosjektet på dei vilkåra som er sette i tilskotsbrevet, og i dette akseptskjemaet	
Garantere for finansiering slik som skissert i søknad, konkurransedokument og i tilskotsbrevet	
Kommunen er avtalepart med leverandør, og ansvarleg for oppfølging av prosjektet etter signering av avtale. Kommunen kan på førespurnad få høve til å kontrollere og etterprøve fylkeskommunen sitt arbeid. Kommunen pliktar å følgje dei malar som er utarbeida, og prinsipp slått fast i konkurransegrunnlaget.	
Utbyggingsoppdraget vil bli tildelt gjennom ein open, ikkje-diskriminerande og transparent konkurranse lyst ut på Doffin, i samsvar med Lov om offentlege anskaffingar, forskrift om offentlege anskaffingar og statsstøtteregelverket. For anskaffingar over EØS- terskelverdiane skal konkurransen også utlysast på TED.	

	Stadfesting (Sett «X»)
Ved to eller færre tilbod i en open anbodskonkurranse med forhandling eller konkurransebasert dialog, vil det blir utarbeida ei vurdering av eit eksternt kompetent organ.	
Avgrensa tilbodskonkurranse/anbodskonkurranse eller konsesjonskontrakt kan ikkje nyttast	
Konkurransen for utlysing av statsstøtta breibandnett skal ikkje kombinerast med utlysing av andre anskaffingar	
Anskaffingsprosessen vil ta i vare prinsippet om teknologinøytralitet ved at det ikkje blir stilt krav om spesifikke typar teknologi, f.eks. fiber	
Prosjektstøtta skal nyttast til investeringar, ikkje til drift.	
Alle hushald og verksemder i området skal få tilbod om breiband på minimum 30 Mbit/s nedlastingshastigheit,	
Dersom anskaffinga endar med investeringar i mobilt breiband, skal tilbodet til kundane i området det blir gitt støtte til, få tilbod om mobilt breiband til om lag same vilkår som fast breiband.	
For eventuelle tilbod/løysningar basert på trådløst nett («FWA») eller mobilnett skal det i tilbodet dokumenterast at løysninga, basert på lokale dekningsanalysar, vil gje stabilt høg kapasitet også ved høg belastning i nettet. Nkom har lagt ut rettleiing for ytingskrav på si nettside.	
Det vil bli gitt <i>breiast mogleg grossisttilgang</i> til nettet. Ei rettleiing for tilgangsforspliktingar finnes på Nkom sine heimesider Slik tilgang skal bli gitt i minst sju år	
Retten til tilgang til føringsveg og stolpar skal ikkje være tidsavgrensa.	
Der det blir gitt offentleg støtte til etablering av føringsveg i bakken skal den være stor nok til å romme minst eitt ekstra kabla nett. Kapasiteten i slike føringsvegar skal være tilstrekkeleg til at det ekstra nettet kan byggast ut med enten punkt-til-punkt eller punkt-til-multipunkt topologi – uavhengig av kva topologi utbyggjar sjølv vel. Slik tilgang skal bli gitt på rimelege og ikkje-diskriminerande vilkår.	
Prisane for slik tilgang skal vere basert på prinsipp og referanseverdiar fastsett av Nkom slik ligg føre på Nkom sine heimesider.	
Fylkeskommunen skal forsikre at Nkom si rettleiing for tilgangsvilkåra, også prising, skal nyttast. Dersom det oppstår ein tvist mellom tilgangssøkjjarar og utbyggjar, så skal Nkom konsulterast.	

	Stadfesting (Sett «X»)
Vilkåra med standardavtalar for grossisttilgang skal offentleggjerast lett tilgjengeleg på utbyggars heimesider.	
Sal til sluttbrukarar i eit prosjekt kan tidlegast skje 4 veker etter at både standardavtalen er offentleggjort, evt. utvida/tilpassa for det nye prosjektet. Denne sperrefristen for salsstart gjelder både utbygger og tilgangskjøpar.	
Utbygger skal gje andre operatørar moglegheit for å knyte seg til nettet til rimelege vilkår for å tilby breibandtenester i tilgrensa områder.	
Utbygger må i tilbodsskjema e.l. gjere greie ovanfor prosjekteigar korleis krava om tilgang til passiv og aktiv infrastruktur skal oppfyllest.	
Det skal ikkje bli gitt støtte til føretak som er gjenstand for eit uteståande tilbakebetalingskrav frå EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) som følgje av misbrukte statsstøttemidlar	
Føretak (konkurransedeltakarar) i vanskar får ikkje støtte.	
Prosjektstøtta skal ikkje utbetalast før prosjektkostnader er påløpt. Prosjektstøtta skal ikkje utbetalast til utbygger utan faktura.	
Når utbygging er ferdigstilt skal utbyggjar rapportere utbyggingskostnader for prosjektet til prosjekteigar. Rapporten skal vera delt opp i relevante kostnadskategoriar.	
All informasjon som er nødvendig for å dokumentere at ovanståande krav er oppfylt vil bli oppbevart i 10 år og skal kunne leggjast fram på førespurnad frå fylkeskommunen eller frå Nkom. Dette inneberer også at regnskapsinformasjon knytt til utbygging og/eller drift av nettet eller levering av tenester i nettet som etter bokføringslovgjevinga skal oppbevarast i 5 år, skal oppbevarast i 10 år.	
Dersom vilkåra som er stadfesta i innstillinga frå fylkeskommunen eller i dette akseptskjema blir mislighald eller utbetalt tilskot eller prosjektstøtte ikkje blir brukt i samsvar med desse vilkåra, <u>kan</u> tilsegn om tilskot kansellerast og urettmessig utbetalt tilskot bli kravd betalt tilbake. Fylkeskommunen er ansvarleg for å sikre et slikt tilbakebetalingskrav.	

Stad/dato

Signatur

Namn og stilling/tittel i blokkbokstavar

Den som signerer må ha fullmakt til å signere på vegne av kommunen